



Statens Vegvesen region sør
Postboks 2824 Kjørbekk

3702 SKIEN

Delegert sak nr.

Sakshands.	Saksnr.	Løpenr.	Arkiv	Dato
TURIDME	2016/617	7125/2016		29.03.2016

Rekvisisjon av oppmålingsforretning

Bakgrunn:

I samband med opprusting av E-134 ved Øykjelihylen har det blitt utført ei kurveutbetring på eigedom 101/1. Vegvesenet har avtale om å kause arealet av grunneigar og søker difor om å få overført arealet.

Vurdering:

Området er sett av til LNF – område i både ny og gamal kommunedelplan for Vågslid. Ei frådeling til vegformål her er i strid med overordna plan og søknaden må difor sjåast på som ein dispensasjonssøknad. Ein skal då gjere ei vurdering i forhold til plan og bygningslova § 19 – 2 og undersøke om tiltaket er ei vesentleg tilsidesetjing av planen og om fordelane med tiltaket er klart større enn ulempene ut i frå ei samla vurdering. Tiltaket er avgrensa til eit mindre område som ligg nær E – 134 og vert difor ikkje sett på som ei vesentleg tilsidesetjing av planen, saka vil mest sannsynleg ikkje kunne gje negativ presedens i andre saker. Sakshandsamar vurderer også fordelane til å vere klart større enn ulempene. Ei vegutbetring er eit samfunnsmessig nyttig tiltak som kjem svært mange til gode. Ut i frå vurderingane som er gjort gjev ein løyve til frådeling som omsøkt. Det er også gjeve løyve i høve til jordlova.

Einingsleiar sitt vedtak:

Vinje kommune godkjenner søknad om frådeling av 4 mål som omsøkt jf plan – og bygningslova § 19-2

Med helsing

Gry Åsne Aksvik
plan- og økonomisjef

Turid Opsund Mæland
plan- og byggesakshandsamar

Brevet er sendt elektronisk og har difor ingen signatur.